



Tre av dei yngste, Celine, Emma og William, trivest svært godt i skulemusikken.

**Dei siste åra har det vore svært god tilgang på aspirantar i Uskedal skulemusikk. Dette skuleåret er det heile 7 som har aspirantopplæring i kulturskolen. Dei kjem inn i korpset etter 17.mai. For komande skuleår kan rektor Rolf Lothe i kulturskolen melda at det er færre som har søkt, og dei har derfor utsett søknadsfristen i håp om at fleire skal melda seg.**

- Vi håpar fleire skal søkja aspirantopplæring, og derfor har vi utvida søknadsfristen, seier Lothe. Han legg til at dersom nokon har problem med å søkja digitalt, kan dei berre ta kontakt med han på telefon. Dei kan også kontakta leiaren i Uskedal skulemusikk, Hilde Bringedal, og få ho til å bringe det vidare til kulturskolen.

Lothe kan elles fortelja at dei er svært glad for at dei får behalda same messinglærer som dette året. Han heiter Linas Dakinevicius. Han kjem opprinneleg frå Litauen, snakkar godt norsk, og har vist seg å vera svært så dyktig både som pedagog og muskar. Han er også dirigent i Rosendal skulekorps som han nyleg dirigerte til ei svært flott plassering i Hordablæsten.

Vi håpar fleire melder seg som aspirantar. God rekruttering er kjempeviktig for korpset som har vore i medvind dei siste åra. I dag hadde dei første marsjøving ute før 17.mai.

Søknadsskjema til kulturskolen og informasjon til utfylling finn de ved å [klikka her](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.